ALVER
KOMMUNE

Jm Norge AS
Postboks 453
1327 LYSAKER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 27.04.2021 |
| Vår: 21/3325 - 21/28246 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Ber om tilbakemelding på mogleg fare for jordras - gbnr 323/509 Frekhaug

| | | |
| --- | --- | --- |
| **Tiltak:** | jordskråning | |
| **Byggjestad:** | Gbnr 323/509 | Frekhaug |
| **Tiltakshavar:** | Jm Norge AS | |

**Saka gjeld**
Kommunen har motteke bekymringsmelding vedrørande tilhøve på eigedommen. Bekymringsmeldinga gjeld friområde og jordskråning frå tomannsbustadene i Løypetona 21-35 og vestover i terrenget. Kommunen har fått melding om at jorda har begynt å sige og at det er store hol i terrenget.

**Kommunen ynskjer tilbakemelding**
Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing/undersøking av tilfella.

Vi ber om at grunneigar /utbyggar sjekkar ut at området og berørte eigedommar er tilstrekkelig sikra og at prosjektet er tilfredsstillande prosjektert og utført.

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete/teikningar som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

**Frist for utgreiing er 24.05.21.**

**Anvendt regelverk**
Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3325.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Per Sveinar Morsund |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jm Norge AS | Postboks 453 | 1327 | LYSAKER |